



Vidar Raugstad – 50 år torsdag – ombord på ein fin båt som har eit slående namn. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I dag, torsdag 8. mai 2008, rundar Vidar Raugstad, stor-entreprenør med opptil 70 ansatte, 50 år. Han er busett på Risasjøen i Lindås. Kva er så spesielt ved han frå ein Uskedal-vinkel?

Jau, Vidar rundar dagen i Uskedalen, ombord i sin Princess 50. For å nytta det moderne språket er han, kona og de to borna deira heilt hekta på Uskedalen. Det meste av fritida si er dei å finna i Øyro Marina!

- Vi har vore faste gjestar her sidan 1992, Ikkje berre er vi her i påska, pinsa og sommarferien, vi er også innom til andre tider på året, fortel Vidar. I påska plar dei liggja her halvannen veka og om sommaren i opptil tre eller fire veker!

- Her er det så mange kjekke folk og vi har vorte kjende med mange av dei, seier Vidar når vi ber om ei skikkeleg grunngeving.

- Er det fjella som lokkar?

- Vi er ikkje så mykje til fjells, stort sett har vi nok med ein tur oppover dalen frå tid til annan. Heller ikkje er vi storfiskarar. Mest av alt likar vi å slappa av når vi er i Uskedalen. Og finare enn no kan vi ikkje ha det, seier Vidar og myser mot sola.

- Men det er vel noko du saknar?

- Jau, at Vertshuset skal opna att snart. Der var vi før trufaste gjestar.

- Kjem det mange hit for å feira deg?
- Det veit i hvert fall ikkje eg noko om !

Av Ola Matti Mathisen